



Notat

Dato: 09.03.2015
Arkivsak: 2015/3001-1
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag

På møte i fylkesutvalet 19.02.2015 tok representanten **Aud Karin Oen** (SV) opp følgjande problemstilling:

«Busstilbodet på Sotra vidaregåande avdeling Skogsvåg er ikkje tilfredsstillande. Det vert meldt at saka er teken opp med Skyss fleire gonger frå skulen si side. Bussar korresponderer ikkje, køyrer forbi elevar på haldeplass osv. Elevar slit med å koma tidsnok. Hfk har ansvar både for skyss og skulen.

Kva kan fylkesordføraren gjera med dette?».

Fylkesrådmannen er kjend med at busstilbodet til Sotra vidaregåande skule avdeling Sund mellom anna vart omtala i Vestnytt 3. februar. I saka kjem det fram at elevane har hatt fleire uheldige opplevingar med busstilbodet til skulen. Hendingar som vart nemnd er bussar som køyrer forbi når elevar står på busshaldeplassen og ventar, manglande skilting på bussane, og bussar som ikkje korresponderer. Fylkesrådmannen har stor forståing for at hendingane og konsekvensane dei gir er fortvilande for elevar, lærerar og foreldre ved skulen. Skulereisene skal vere trygg og føreseieleg. Saka er følgd opp av Skyss med bussoperatør.

Skyss opplyser at dei ikkje kan sjå å ha motteke nokon henvendingar frå skulen eller elevar i førekant av avissaka. Torsdag 12.februar 2015 vart det difor sendt eit brev til elevrådet ved skulen med oppmoding om å sende ein samla førespurnad med oversikt over alle dei konkrete hendingane. Ein vil då få eit meir heilskapleg oversyn over situasjonen, og eit grunnlag til å forbetre tilbodet ytterlegare i samarbeid med bussoperatør.